

Innspel til kommunestyret frå foreldre i Flatdal barnehage

Når nye Flatdal skule opnar hausten 2023 vil det arealet som skulen i dag leiger på samfunnshuset bli frigjort. Dette vil gjere det mogleg å realisere skissene og planene frå forprosjektet for Flatdal skule. Der vart det synleggjort at ein med ei mindre investering kan bruke delar av 1. etasje i samfunnshuset til barnehagedrift, og på den måten gje eit fullverdig barnehagetilbod i Flatdal, der også 1- og 2-åringar får plass og alle andre born som soknar til Flatdal oppvekstsenter.

Vi meiner det er viktig og riktig å gje eit fullverdig barnehagetilbod til alle i Flatdal av fleire grunnar:

1. **Færrast mogeleg bytte av barnehage.** Dei små borna vert svært knytt til dei tilsette i barnehagen, leikene og lokala/utemiljøet. Når ein skal bytte frå noko som er trygt og godt til noko ukjent er det ein stor overgang for små born, og det vil krevje ekstra stor arbeidsinnsats for tilsette med å gjere denne overgangen så skånsam som råd. Det kan òg gje ekstra behov for at foreldre tek fri frå arbeid for å bli med på ein ny tilvenningsfase. Det aller beste for borna er å ikkje trenge å bytte barnehage, og bytte personar dei har blitt tilknytt.
2. **Best mulig overgang barnehage/skule.** Gode relasjonar med jamnaldrande i overgangen til skule= ein mild overgang. Å starte på skule er nytt og skremmande for mange born. Å vera trygg på dei ein skal gå i klasse med, og plassen før skulestart er av stor tyding. Det er i dag mange born som går i barnehage i Seljord for å unngå sårbar forflytning når borna er små. Denne overgangen får ein då likevel ved skulestart, noko som også gjev skulen meir arbeid med å få elevgruppene til å fungere godt saman.
3. **Kortast mogeleg reiseveg.** For dei familiane som bur lengst unna Seljord er det 3 mil å køyre, berre ein veg (les: 12 mil om dagen med tur/retur x 2). Dette er for langt å køyre, både for små born, foreldre, og for miljøet. Seljord er ein langstrakt kommune, der Flatdal oppvekstsenter med skule og barnehage reint geografisk ligg i midten av kommunen. Borna som bur i bygdene Langlim, Åmotsdal, Mandal og Svartdal vert særleg hardt ramma av dagens praksis, kor 1- og 2-åringar må køyrast heilt til barnehagane i Seljord sentrum. Foreldre som pendlar til jobbar andre stadar har gjeve oss innspel.

Sitat: «Då me valgte å busetta oss i Åmotsdal, var det både skule og barnehage å oppdrive her. Fyrst vart skulen lagt ned, og ikkje lenge etter gjekk også barnehagen tapt...

For at kabalen skal gå opp for oss i dag, må ein av oss vera heimeverande.

2 mil køyrer me for å levere barn ved Flatdal oppvekstsenter. Og samme 2 mil for å komme seg attende heim. Når tiden er inne for å hente slitne barn etter ein lang dag, må me tilbakelegge den samme køyreruta på nytt. Dette tilsvarar 4 mil om dagen for nåværende barnehagebarn, og 8 mil for oss foreldre med småsøsken med på lasset. 8 mil! Og me godtar ikkje at me blir tvunget til ytterlegare lengere reiserute enn dette - me har allerede

stukket oss langt! Både økonomisk, tidsmessig og ikkje minst med tanke på korleis barna opplever den lange turen til og frå bhg/skule.

Kommunen oppfordrar folk om å flytte til Seljord. Men kven ynskjer vel å flytte hit, når tilboda i nabokommunane ligg mykje betre til rette for barnefamiljar som ynskjer å bu utanfor sentrum?!?

Utan lokalt barnehage- og skuletilbod i Flatdal, kan kommunen sjå langt etter tilvekst, men snarare fråflytting». Gry Østbø

Flatdal er fortsatt eit bærekraftig lokalsamfunn og det er framtidsretta å styrkje opp under dette. Seljord kommune tjener på å gjera heile kommunen attraktiv å busetje seg i for småbarnsfamiljar. Vi håpar de tar hensyn til innspelet vårt, og vel å prioritere Flatdal barnehage for alle born som soknar til Flatdal oppvekstsenter.

Med venleg helsing

Foreldrerepresentantar i Flatdal Barnehage

Lina Aasan

Eli Flatland